



Nesten heile 2006-kullet var samla torsdag. Den eldste i kullet vart fødd 4. februar og den yngste 7. oktober. Heilt til venstre sit vertskapet, som er Janne Hjelmeland med Malena og fire år gamle Andrea. Så følgjer Anne Grethe Sjo med Filip, Hege Lekva med Sigri, Linda Jensen med Elias og Ingunn Myklebust med Sivert og Karoline. Eli Eiane som har Ingrid og Tove Lill Lakselv som har Ewy var ikkje til stades denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var helsestasjonen som starta med opplegget for ein god del år sidan: Å samla mødre og dei "nye" borna deira til treff frå tid til annen. Og sidan 2001 har skikken halde fram i Uskedalen, men då på privat initiativ.

uskedalen.no var fluge på veggen då det meste av 2006-kullet var samla på Rød torsdag.

Fem av dei sju som i fjor auka folketalet i bygda med åtte nye uskedalingar var til stades denne gongen. Dei møtes ein gong i månaden hos kvarandre og til no har seks av mødrene vore vertskap for treffet. Dei held det gåande i to timar – til dei sjølv er kjeie og ungane trøtte!

- Og kva går praten om?

- Alt mogleg, men naturleg nok kjem vi mykje inn på mat og søvn. Ei ståande spørsmål er kor langt dei einskilde ungane har kome i utviklinga og kva som er nytt sidan sist. Det er alltid noko å læra under desse treffa. Og så kjem vi sjølvstøtt ikkje utanom ein del jentepat. Ammetåke er eit aktuelt stikkord!

Konklusjonen er at dette er eit sosialt treff som gjev oss svært mykje.

- Kor lenge skal de halde på med desse treffa?

- Så lenge vi er heime. I praksis blir det rundt eitt år – til vi skal på jobb att.

2006-kullet var ikkje spesielt stort i eit "historisk perspektiv" i Uskedalen, men det er i allefall større enn konfirmantkullet i år, som er berre fire!

Av Ola Matti Mathisen